

Fra: Jondalstunnelen v. Skogseth (jondalstunnelen@outlook.com)

Sendt: 02.04.2018 16:57:58

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; post@odda.kommune.no; Kvinnherad kommune; Kvam kommune; Jondal kommune

Kopi: Toralv Mikkelsen; 'Hans Inge Myrvold'

Emne: Innkalling til eigarmøte Jondalstunnelen AS.

Vedlegg: Brev til Statens vegvesen Vegdirektoratet.pdf

Innkalling til eigarmøte for eigarane av Jondalstunnelen AS torsdag 12. april kl 1030 på kommunestyresalen i Jondal

Sak - Søknad om reduksjon av takstane i Jondalstunnelen (Drøfting)

På ekstraordinær generalforsamling for Jondalstunnelen 6. februar 2018 drøfta generalforsamlinga spørsmål frå styret om å justera ned takstane i Jondalstunnelen som alternativ til den kraftige takstauken for lokale brukarar som vert konsekvens av den nye bompengereforma. Bakgrunnen for styret sitt spørsmål er det faktum at med dagens takstar og trafikk vil selskapet vera gjeldfritt på halve tida i høve til godkjent innkrevingstid på 15 år. Den nye bompengereforma overfører i praksis endå større del av kostnaden med tunnelen på lokale brukarar og lokalt næringsliv. I Jondalstunnelen sitt tilfelle som ligg så langt føre nedbetalingsplanen, er det etter styret si meining ikkje nødvendig å vidareføra dagens takstar. Sjå vedlagt utkast til søknad til SV vegdirektoratet.

I sak 06/18. Søknad om å justera ned bompengetakstane for Jondalstunnelen gjorde generalforsamlinga for Jondalstunnelen AS følgjande samrøystes vedtak: Generalforsamlinga i Jondalstunnelen AS ber om at styret arbeider vidare med ei vurdering av ein takstreduksjon som særleg prioriterer lokale storbrukarar i prosjektet.

Styret har på grunnlag av vedtaket i generalforsamlinga vurdert det slik at ein reduksjon av takstane er beste og mest effektive måte å sikra lokale storbrukarar og næringslivet mot urimeleg meirkostnad ved passering gjennom Jondalstunnelen. Framlegget til nye takstar vil sikra selskapet inntekter til å gjera selskapet gjeldfritt på langt kortare tid enn 15 år. Styret skal handsama framlegg til søknad om justerte takstar (sjå vedlegg) for Jondalstunnelen i styremøte 5. april. Styret sitt vedtak vil bli ettersendt.

Med helsing

Toralv Mikkelsen